



Arkivsaknr: 2024/9589-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Husebø online marketing - Oppstart av online markedsføring- coaching og foredragsvirksomhet

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Oppstart av online markedsføring- coaching og foredragsvirksomhet vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk behandling

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn:

Husebø online marketing er eit enkeltpersonforetak. Bransje: 73.110 Reklamebyråer. Registrert 19.09.2023. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Verksemda Husebø Online Marketing vart etablert våren 2023 og er ei verksemd i etableringsfasen. Verksemda fokuserer på online coaching og foredrag, spesielt retta mot kvinner i leiarposisjonar og organisasjonar. Verksemda sin visjon er å styrke kvinner gjennom å identifisere og overvinne begrensningar som held kvinner tilbake i deira karriereutvikling og skape ein plattform kor kvinner kan blomstre og realisere sitt fulle potensial.

Om prosjektet

Husebø Online Coaching er ei verksemda etablert ut frå eit sterkt ønske om å bidra til kvinners utvikling og suksess i arbeidslivet. Ut frå eit aukande behov for spesialiserte coachingtenester, særleg retta mot kvinnelege leiarar, har innehavar utvikla coachingprogram og foredrag som ser på dei psykologiske barrierene som kan hindre personleg og karrieremessig framgang. Verksemda har eit ønske om å utgjere ein forskjell i liva til kvinnelege leiarar og har fokus på personleg utvikling og mental helse.

Kundegruppene vil vere:

- kvinner i alderen 30-50 år, med høgare utdanning, og som jobbar i leiande posisjoner i ulike bransjar
- kvinner i alderen 22-30 år som nettopp har fullført høgare utdanning og er i startfasen av karrieren
- kvinner i alderen 45-60 år, som enten vurderer karriereskifte eller har opplevd livsendringar som påverkar deira yrkesliv
- profesjonelle i HR-roller, ofte kvinner, i alderen 30-50 år, som jobber med rekruttering og medarbeidarutvikling.

Verksemda har ein plan om å tilby tenester både online og i fysiske lokasjonar, noko som gjer det mogleg å nå eit bredt publikum, i første omgang ved å tilby fleksible løysingar som passer inn i kundane sin travle kvardag. Den teknologiske utviklinga gjer det mogeleg for coachingbransjen å nå ut til nye kundar med bruk av online plattformer.

Forretningsmodellen er basert på kombinasjon av coaching og foredrag og verksemda sitt fokus på kvalitet vil bidra til langsiktig vekst og berekraft. For å utvikle verksemda vil innehavar sjå på moglegheitene for å kunne samarbeide med bedrifter og organisasjonar som har fokus på kvinneleg leiing og utvikling. Husebø jobber i dag i Equinor og foredraget er etterspurt internt.

For å få til den utviklinga verksemda har planar om, har verksemda utarbeida ein forretningsplan som verksemda skal arbeide etter dei neste åra. Forretningsplanen inneheld blant anna situasjonsanalyse med SWOT- analyse, oversikt over mål og marknadsføringstiltak, kundesegmentering, produktstrategi, prisstrategi, drift, nøkkelaktivitetar og implementeringsplan.

Prosjektleveranse/Målsetting

Husebø Online Marketing har mål om å bygge sin eigen arbeidsplass og har satt seg nokre konkrete mål for utviklinga av verksemda dei neste åra. I løpet av det første året skal verksemda utvikle og lansere ein online plattform for coachingtenester.

Vidare skal verksemda oppnå ein kundebase på minimum 20 aktive coachingkundar innan 2 år. Verksemda planlegg å arrangere 5 foredrag om kvinner sitt tankesett og relasjonsleiing, samt byggje eit nettverk av minimum 10 samarbeidspartnarar i coachingbransjen i løpet av dei 2 første åra.

På mellomlang sikt har Husebø online marketing planar om å auke marknadsandelen til 15% innan 5 år, utvikle 3 spesialiserte coachingprogram for kvinnelege leiarar innan 4 år, oppnå ei årleg inntekt på 300000 innan 5 år, samt arrangere ein årleg konferanse for kvinnelege leiarar med minimum 100 deltakarar innan 5 år.

Videre har verksemda mål om å vere etablert som ein leiande aktør innan coaching for kvinnelege leiarar i Norge innan 10 år, utvide teneste til å inkludere internasjonale coachingprogrammer innan 8 år, oppnå nettofortenestemargin på 30% innan 7 år, samt skape ein berekraftig og anerkjent merkevare som er synonymt med kvinners empowerment innan 10 år.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Oppstart av online markedsføring- coaching og foredragsvirksomhet	200 000	100 000	20 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Vurdering

Søknaden viser til at Husebø Online Coaching ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt i forbindelse med etablering av ei ny verksemd. Søknaden gjeld støtte til ulike tiltak som trengs for å etablere ei verksemd innan coachingbransjen, blant anna investering i ein digital plattform med profesjonell nettside og som sikrar ein sterk tilstedeverelse på sosiale media. Verksemda må investere i opplæring og sertifisering i form av kurs og workshops innan coachingteknikker og scenepresentasjonsteknikk for å sikre kompetanseheving. Videre må verksemda investere i markedsføring for å auke bevisstheit rundt tenestene og kunne tiltrekke seg kundar. I tillegg må verksemda investere i nødvendig IT-utstyr for å kunne levere tenester både online og fysisk.

Alver kommune ser positivt på at Merete satsar på ei etablering av verksemda Husebø Online Coaching med dei tenestene selskapet ønskjer å tilby. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til entreprenørskap og arbeidsplassutvikling i Alver kommune og vil kunne bidra til berekraftig næringsutvikling.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjektet Oppstart av online markedsføring- coaching og foredragsvirksomhet vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Soknad-2024-0026.pdf
- 2 Forretningsplan for MH IUUV versjon 2.docx